

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Vår dato: 30.06.2014  
Vår ref.: 201203082-47  
Arkiv: 312 / 061.4Z  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Jakob Fjellanger  
22959213  
jff@nve.no

## Høyring av søknad for overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangen i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam herad, Hordaland fylke

**NVE har motteke søknad frå BKK Produksjon AS om å overføre vatn frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangen i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam Herad. Søknaden blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 5. oktober 2014. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.**

Saka er ei omarbeiding av tidlegare melding datert september 2012, som var sendt på høyring 3. oktober 2012, og der det blei halden folkemøte 7. november 2012 i Vaksdal. Saka er redusert i omfang, og det er ikkje lenger krav om konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Søknaden er tilgjengeleg på internettsida til NVE: [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft). Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden kan dei kontakte Arne Andrea Riisnes på e-post: [arne.riisnes@bkk.no](mailto:arne.riisnes@bkk.no) eller tlf 55 12 71 89.

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på. Vi ber Fylkesmannen gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng konsesjon etter forureiningslova for driftsfasen.

Vi ber Vaksdal og Samnanger kommunar og Kvam herad om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset fram til 5. oktober 2014. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.



Fråsegner skal sendast, gjerne via internett [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft) , [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og innan **5. oktober 2014**.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen  
seksjonssjef

Jakob Fjellanger  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.*

Vedlegg: 2      Kopi av kunngjering, info.ark om sakshandsaminga

Kopi:            BKK Produksjon AS

Mottakerliste:

Anita Vik, 5727 STAMNES

Bergen og Hordaland Turlag, Tverrgaten 4-6, 5017 BERGEN

Bevaring av Vaksdalsvassdraget v/Bevaring av Vaksdalsvassdraget v/Linda Lien, Tvesporvegen 42, 5725 VAKSDAL

BKK Nett AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN

Boge Kraft AS, v/Anders Vaksdal, 5785 VØRINGSFOSS

Den Norske Turistforening, Youngstorget 1, 0181 OSLO

Einar Amundsen, Flordalen 39, 5725 VAKSDAL

Felleskjøpet Agri SA avdeling Vaksdal, Postboks 44, 5726 VAKSDAL

Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks 274, 6701 MÅLØY

Forum for natur og friluftsliv Hordaland, c/o Bergen Turlag

Tverrgata 4/6, 5017 BERGEN

Friluftslivets Fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO

Friluftsrådene Landsforbund v/Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Grunneigarane i Sødalen og Herindalen i Vaksdal v/Rune Sæterdal

Havforskningsinstituttet, Boks 1870 Nordnes, 5817 BERGEN

Hordaland Bondelag, Krokeidevegen 13, 5244 FANA

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN



Inge Sandven, Nethovdane 4, 5725 VAKSDAL  
Karl og Britt Herfindal, Sedalsvegen 4, 5725 VAKSDAL  
Lars Olav Eilifsen, Postboks 82, 5726 VAKSDAL  
Leon Espelid  
Mattilsynet, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL  
Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM  
Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN  
NHO Reiseliv Region Vest-Norge, PB 709 Sentrum, 5807 BERGEN  
NJFF – Hordaland, Tverrgata 4, 5017 BERGEN  
Norges Bondelag, Postboks 9354 Grønland, 0135 OSLO  
Norges Geotekniske Institutt, Postboks 1230, 7462 TRONDHEIM  
Norges Naturvernforbund, Marieboes gate 8, 0183 OSLO  
Norges Padleforbund, Seviceboks 1 Ullevål Stadion, 0840 OSLO  
Norgesmøllene AS, Postboks 13, 5726 VAKSDAL  
Norsk Grønnkraft AS, Postboks 4270 Nydalen, 0401 OSLO  
Olav Jarl Buvik, Jamnevegen 3, 5725 VAKSDAL  
Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO  
Per Nordmark, Boge, 5725 VAKSDAL  
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold, Postboks 6784 St Olavs Pl, 0130 OSLO  
Samarbeidsrådet for naturvernsaker, Grensen 9 B, 0159 OSLO  
Samnanger jeger- og fiskerforening v/Ove Gåsdal, 5650 TYSSE  
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE  
SKL Produksjon AS, Postboks 24, 5401 STORD  
Statens Landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO  
Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER  
Statnett, Kontrollveien 3, 2827 HUNNDALEN  
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, Haakon Shetelig's plass 15, 5007 BERGEN  
Vaksdal kommune, 5722 DALEKVAM

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer

**Søknad om konsesjon for overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangen i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam herad**

BKK Produksjon AS ønskjer å overføre vatn frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangen i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam herad.

BKK Produksjon AS søker òg om oreigningsløyve for naudsynte grunn og rettar for å gjennomføre overføringa, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker BKK Produksjon AS om førehandstiltreding som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Søknaden med konsekvensutgreiing blir handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6.

Søknaden er tilgjengelege på NVE sin internettside: [www.nve.no/Vannkraft](http://www.nve.no/Vannkraft) og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehusa i Vaksdal og Samnanger kommune og i Kvam herad.

De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Arne Andreas Riisnes på e-post [arne.riisnes@bkk.no](mailto:arne.riisnes@bkk.no) eller tlf. 55 12 71 89.

Fråsegner sendast gjerne via internett [www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft), til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **5. oktober 2014**.





## SAKSHANDSAMINGSRUTINAR VED SØKNAD ETTER VASSDRAGS-REGULERINGSLOVA UTAN KONSEKVENSUTGREIING

### *Generelt*

Søknaden gjeld eit kraftutbyggingsprosjekt etter vassdragsreguleringslova (reguleringslova). Reguleringar av magasin og overføring av vatn som gir ei kraftauke utover 500 naturhestekrefter (eller 3000 naturhestekrefter i heile vassdraget) blir handsama etter reglane i reguleringslova. Tillegsoverføringar eller –reguleringar blir handsama etter reguleringslova utan omsyn til storleik. NVE kan ikkje fatte vedtak etter reguleringslova, men skriv tilråding til Olje- og energidepartementet (OED).

Prosjektet fell ikkje inn under reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiing.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon:  
[www.nve.no/vannkraft-ku](http://www.nve.no/vannkraft-ku).

### *Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd*

NVE sender saka på høyring til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst tre månader. Saka blir kunngjort i lokale aviser, finst tilgjengeleg til gjennomlesing i kommunen og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

Etter høyringsperioden får søkjar høve til å kommentere innkomne fråsegner. Når NVE har motteke desse kommentarane vil NVE i mange saker (avhengig av omfanget av saka) invitere til ei synfaring i samarbeid med søkjar. Kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre partar som saka vedkjem vil få høve til å delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar og å peike på forhold som er teken opp i høyringsrunden.

NVE vil deretter gi si tilråding i saka til OED. Ved ei totalvurdering står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE tilrår å gi konsesjon, vil forslag til konsesjonsvilkår og ev. manøvreringsreglement vere lagt ved innstillinga til OED. Vilkåra inneheld reglar om m.a. konsesjonstid, revisjon av vilkår, konsesjonsavgifter til staten og kommunar, konsesjonskraft, godkjenning av detaljplanar for

utbygginga, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, kulturminne og sanksjonsreglar ved ev. brot på vilkåra. Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsesjonen, med m.a. reglar for vasslepping og reguleringshøgder.

Departementet sender NVE si tilråding ut på ei avgrensa høyring til dei kommunar og departement som saka vedkjem. Deretter fremjar OED saka for regjeringa som fattar endeleg vedtak.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsesjonar etter at reguleringslovsaka er endeleg avgjort.

### *Kva forventast av høyringsinstansane?*

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden også gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette.

Faginstansar som Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområde. Vassregionmyndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

Om mogleg ønskjer vi at fråsegner sendast elektronisk, gjerne direkte via våre nettsider,  
[www.nve.no/vannkraft](http://www.nve.no/vannkraft).

### *Rett til motsegn*

Kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar kan fremje motsegn. Ei eventuell motsegn må fremjast i høyringsperioden. Vi viser til Rettleiar 3/2010 s. 17 for nærmare informasjon om dette (se [www.nve.no/vannkraft-ku](http://www.nve.no/vannkraft-ku)).